

Kvifor ikkje fest i Rabbekjedlaren?

08.11.2010



Rabbekjedlaren - eit spesielt alternativ!

Uskedalen har ikkje berre ein festkjellar med særpreg.

I tillegg til Dønhaugkjedlaren har vi Rabbekjedlaren i sentrum. Eigaren, Reidar Myklebust, har i desse dagar starta ein meir intens marknadsføring av lokalet for utleige.



Siste tilvekst - eit særprega skåp

Plakatar og annonsar kunngrer at dette er eit koseleg lokale midt i Uskedalen og at mat kan tingast hos SPAR då det ikkje er kokemogelegheiter der. Det er plass til 20 i ein atmosfære av stein og tre.

Rabbekjedlaren er slett ikkje ny. Han var opprinneleg møkk-kjellaren under løa på heimplassen til Reidar. Då løa vart erstatta med eit særprega bustadhus for rundt 8 år sidan vart kjedlaren restaurert og innreia som eit originalt festlokale.

Den talentrike trekunstnar Ove Stokka var ansvarleg for prosjektet.

Det er tydelegvis enno ikkje ferdig, for for stutt tid sidan kom eit spesielt skåp på plass.

Professor Myklebust avviser påstandar om at han no har vorte meir kommersiell og kanskje også førebur seg på pensjonsalderen i ein annan bransje.

- Det er ikkje sikkert at det er så mykje pengar å tena på kjedlaren, men det er nokon som har behov for eit mindre lokale til festen sin enn nokre av dei andre lokala i bygda. Då kan kjedlaren vera veileigna, seier

Reidar og håpar altså på det som i bransjen kallast ein nisje i marknaden.

Og kjedlaren er allereie gjennom åra testa ut med eit mangfaldig festliv - med mange lovord etterpå.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Løa vart bustadhus - med Rabbekjedlaren.